**Bygstad barnehage**

# PLAN FOR TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

## Innhald


- Om barnehagen
- Kriteria for ein Trafikksikker barnehage
- Rammeplan for barnehagen
- Førebyggjande arbeid i barnehagen
- Foreldre og føresette si rolle i trafikktryggingsarbeidet
- Personalet si rolle i trafikktryggingsarbeidet
- Rutinar for tur
- Ulykker og uhell på tur
- Viktige telefonnummer
- Plakat Trygg trafikk i barnehagen


Nyttige lenker:

Trygg Trafikk

Forskrift om helse og miljø i barnehager skoler og skolefritidsordninger

## Om barnehagen

Bygstad barnehage er ein fem -avdelings barnehage lokalisert i Bygstad i Sunnfjord kommune. Nærmaste nabo til barnehagen er Bygstad barneskule og Yndestad mekaniske. Fylkesveg 57 går langs barnehagen, med grøntareal og ein liten kommunal veg imellom. Barnehagen har to parkeringsplassar for tilsette og føresette med veg imellom. Når vi går på tur, må vi ofte gå langs/over fylkesveg 57.

Alle borna vert køyrd til og frå barnehagen.

Målet er at Bygstad barnehage gjennom det daglege arbeidet skal bidra til at barna lærer å orientere seg og ferdast trygt i trafikken. Barnehagen skal bidra til at barna får grunnleggjande kunnskap om korleis ein skal opptre som fotgjengar i trafikken, og drive førebyggjande tryggingsarbeid som minskar risiko for skader og ulykker.
I samarbeid med føresette skal vi syte for at levering og henting i barnehagen skal føregå på ein trafikksikker måte.

Innhaldet er forankra i Forskrift om miljøretta helsevern, Folkehelselova og Rammeplan for barnehagens, nærmiljø og samfunn.

## Kriteria for Trafikksikker barnehage

For å få kvalitetsstempelet *Trafikksikker barnehage*, må barnehagen oppfylle følgjande kriteria:

- Trafikk i årsplan og trafikk sikkerhetsplan.
- Retningslinjer for turar til fots, bil og buss.
- Samarbeid med- og informasjon til føresette.

## Rammeplan for barnehagen

Nærmiljø og samfunn:

*«Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barna utforsker ulike landskap, blir kjent med institusjoner og steder i nærmiljøet og lærer å orientere seg og ferdes trygt»*

## Førebyggjande arbeid i barnehagen

Barnehagen har pedagogiske opplegg om trafikksikkerheit, som t.d. Tarkus.
Kvar gong vi er på tur snakkar vi med barna om kva som er viktig
å hugse på når vi er i trafikken.
Årleg gjennomgang av beredskapsplan og relevante rutinar for barnehagane i Sunnfjord kommune for å sikre at tilsette er kjende med rutinar knytt til hendingar, ulukker og skader som kan oppstå og korleis barn og personale skal ferdast på ein trygg måte i trafikken.

## Foreldre/føresette si rolle i trafikktryggingsarbeidet

Barnehagen tek ansvar for at alle rutinar for trafikktryggleik vert informert om årleg.

## Barnehagen har desse forventningane til føresette:

- Vere gode rollemodellar
- At barna er forskrifts messig sikra i bil
- At dei lukkar porten etter seg ved levering/henting
- At føresette går først ut porten ved henting

### På parkeringsplassen

- Barn skal aldri ferdast åleine utanfor porten
- Om mogeleg, rygg inn på parkeringsplassen nede.
- Om mogeleg, gjennomfør minst mogeleg rygging på parkeringsplassen oppe. Nytt riktig køyre retning (inn til høgre - rundkøyring)
- Ta med nøklane når du går frå bilen. Bilen skal ikkje stå på tomgang utan vaksne i bilen
- Ha lav fart inn på området utafor leikearealet. (På og mellom parkeringsplassane.

## Personalet si rolle i trafikktryggingsarbeidet

- Vere gode rollemodellar
- Sjekke at portane er stengde før barna får gå ut
- Halde seg oppdatert på barnehagen sin beredskapsplan og relevante rutinar.
- Nytilsette og vikarar får opplæring i barnehagen sitt trafikktryggingsarbeid.
- Dersom det skjer avvik i høve til sikring av barn i bil eller på sykkel ved bringing eller henting, tek personalet dette opp med dei det gjeld.

## På barnehagen sitt uteområde

- Porten skal alltid vere lukka
- Personalet i følgje med barn, skal alltid gå først ut porten
- Personalet er medvitne og merksame på kvar barna oppheld seg og at barna ikkje går vekk frå barnehagen sitt område

## Rutinar på tur

- Snakke med borna om kvar turen skal gå, og kva reglar som gjeld der.
- Laminere tlf. liste og legge den i førstehjelps puta, som alltid skal vere med. Ev legge tlf. lista inn på telefonen, som og alltid skal vere med.
- Sei frå i barnehagen kor turen går, og kor tid de er forventa tilbake.
- Bruk refleksvestar på vegen, i store folkemengder og elles ved behov.
- Fordele ansvar for barn pr. vaksen, særleg om ein reiser på turar der det er mykje folk og uoversiktlege plassar. (td. Folkemusikkfestival i Førde).
- Sjekke ut nye områder.
- Alltid telje før du går, telje dei som går med deg og ha kontakt med dei andre personale i gruppa.
- Ein vaksen fremst og ein bakerst. I tillegg brukar vi  fornuft. Det kjem an på kvar vi går, alder på barn, storleik på gruppa osv.
- Gå to og to saman på fylkesvegen.
- Tel borna ofte.

## Bil- eller kollektivtransport

- Føresette har signert samtykkeskjema til bil- og/eller kollektivtransport i Visma Flyt Barnehage
- Det skal berre nyttast bussar og drosjar med trepunkts-selar
- Sikre barna på best mogeleg måte med sikringsutstyret som er i bussen eller bilen
- På- og avstiging skjer under kontrollerte og sikra tilhøve

## Ulykker og uhell på tur

- Gje beskjed kvar turen går og kor lenge ein blir vekke.
- Vaksne skal alltid ha tilgang på telefon. Ved mindre uhell tek ein kontakt med barnehageleiinga. Vidare vurderer ein kontakt med heim/lege.
- Ved meir alvorlege hendingar skal ein kontakte 113 før ein kontaktar heim / barnehage.
- Dei vaksne i barnehagen har alltid med førstehjelpsutstyr på tur.
- Ved alle uhell skal føresette varslast.

Alle risikoanalysar til barnehagen ligg i Rettesnora - Sunnfjord kommune sitt HMT – system.

## Viktige telefonnummer

Naudhjelp: 116117

Legevakt: 113

Legekontor: 57 71 82 40 (Sande)

Politiet: 112

Brann: 110

Styrar: 97 05 36 54 (95 23 42 65 – privat)

## Plakat til oppheng i barnehagen

# TRYGG TRAFIKK I BARNEHAGEN.

**OBS! Ulike aktivitetar føregår på pårkeringsplassen. OBS!**

## VÆR VARSAM

- **Foreldre og tilsette er gode førebilete for borna**
- **Barn skal aldri ferdast åleine på parkeringsplassen**
- **Portane i barnehagen skal alltid vere lukka**
- **Ein vaksen går alltid ut gjennom porten først**
- **Lav fart inn på barnehagen sine parkeringsplassar**
- **Ingen bilar går på tomgang**
- **Barn skal sitte forsvarleg festa i bilen når dei vert levert og henta i barnehagen**
- **Ved køyring i bil, buss og taxi skal alltid foreldre ha gitt samtykke, og barn skal sikrast forskriftsmessig**
- **Vi har alltid med telefon og førstehjelpsutstyr på tur**